



Sosialdemokratiets krise

Taler

Berge Furre

Dato

12 mars 1981

Omstendigheter

SVs landsmøte

- 1 Eg vil byrja med eit sitat:

"Faren (for ein kjernefysisk verdsbrann) blir stadig større. Supermaktene sine arsenal av atomvåpen veks stadig og våpna blir teknologisk betre og betre.

- 5 Samtidig får også andre regjeringar slike våpen. Difor er det berre eit tidsspørsmål før galskap, desperasjon, trå eller feilrekning slepper desse forferdelege kreftene laus.

- 10 I ein total atomkrig vil det kvart sekund bli sluppe laus sprengladningar større enn alt det sprengstoff som vart bruka under heile den andre verdskrigen. Kvart sekund i den lange ettermiddag for verda før alle atomrakettene og atombombene er brukt.

- 15 Tenk dykk den andre verdskrig kvart sekund. Fleire menneske drepne på eit par timar enn samanlagt i alle andre krigar i menneskeslekta si historie. Dei overlevande, dersom det da vil vera overlevande, ville leva eit ynkverdig liv blant dei forgifta ruinane av ein sivilisasjon som har gjort sjølv mord."

- 20 Kva for ein fredsfantast, atompasifist, skrekkpropagandist, Moskvalakei eller naiv SV-leiar er det som har sagt dette? Prøv ikkje å gjetta. Orda er sitert etter USAs president til for nokre veker sidan, Jimmy Carter. Dei er henta frå hans avskilstale til det amerikanske folket etter nederlaget. Han var gått av som president - og kunne seia sanninga - og fella domen over sin presidentperiode: Menneskeslekta har kome nærare undergangen: "Det er berre eit tidsspørsmål
- 25 før galskap *"

Den bomba som for 36 år sidan gjorde at ein japansk by slutta å eksistera er i dag

30 ei minibombe. Ein einaste MX-rakett inneheld 10 sprengladningar som kan
skytast mot like mange ulike mål. Kvar ladning inneheld meir sprengkraft enn
alt det sprengstoff som vart slept over Tyskland og Japan under heile andre
verdskrigen. Det skal finnast atomvåpen som tilsaman svarer til ein million
Hiroshimabomber, [med] ei sprengkraft som svarar til fire tonn TNT for kvart
35 menneske på jorda. Dei lærde blir ikkje samde om kor mange gonger desse
våpna kan utsletta menneskeslekta. Det er likesålt. Ein gong er nok. Og skulle
nokon overleva - så vil dei overlevande misunna dei døde, som Krustsjov sa i si
tid.

40 Som om ikkje dette var nok, går vi no inn i åttiåra med eit nytt våpenkapplau,
villare, intensare, meir vanvittig enn noko vi har opplevd til no. USAs
forsvarsminister Weinburger kunngjorde førre veka at USAs forsvarsbudsjett
skal auke med 180 milliarder kroner over to år - så det aukar frå 950 milliardar i
år til omlag 1220 milliardar neste år.

45 I fjor bruka menneskeslekta 2500 milliardar kroner til våpen - medan ein
milliard menneske svelt. Om andre land fylgjer opp og aukar våpenlagra i same
takt som USA, vil dette talet auka til 5000 milliardar på omlag fem år.

50 USA har fått ein president som trur han kan tvinga Sovjet i kne - ved å rusta opp
til Sovjet ikkje kan fylgja etter. Og han har skaffa seg ein utanriksminister som
openberrrt trur han kan vinna ein atomkrig. Gong på gong sa general Haig frå da
han var NATO-sjef at NATO var klar til å bruka atomvåpna - også som fyrste
brukar:

55 "Atomvåpna må takast i bruk for å overtyda fienden **"

Dei som dagen etter Reagans valsiger trøysta oss og sa at han nok ville skaffa seg
moderate rådgjevarar, må skamma seg idag.

60 Eller gjer dei det? Ville våre eigne Høgrefolk gjeve Reagan betre råd? Eit av måla
med USAs gigantiske opprustning er å føra vidare den militære opptrappinga
ved vår kyst i nord: USAs flåte skal bli enda betre istand til å sperra av opningen
ut frå Murmansk mellom Noreg og Bjørnøya og sperra Sovjets flåte inne. USA
skal byggja opp ein gigantisk styrke ved vår kyst - for å kunna slå til mot Kola-
65 halvøya dersom Sovjet slår til andre stader der USA står veikare.

Men Høgres forsvarspolitikar, Per Hysing Dahl, helsar denne meldinga velkomen. NATO har ikkje nok skip i området, meiner han. At USAs
70 oppladning her vil føra til tilsvarande russisk opptrapping på andre sida - med aukande press mot vårt land, er ute av hans tanke. Det skal meir til for å gjere inntrykk på Hysing Dahl enn eit nytt våpenkapplaus ved vår kyst.

USA gjorde eit ulykkeleg presidentval. Det kan skje ulykker her og. Hysing Dahl
75 kan vera forsvarsminister om nokre månader.

Og når USA førebur invasjon i El Salvador for å knusa ei folkerørsle som samlar alle demokratiske krefter. Kva seier Langslet? Noreg må ikkje ta standpunkt for kommunistane i El Salvador!

80 Det har enda ikkje slått ned i norsk politisk medvet at presidentvalet i USA i fjor var noko anna enn eit val av ein vanleg republikansk president som Ford eller Nixon. Vi har fått ein amerikansk president som talar om at han vil leggja til side både SALT I- og SALT II- avtalene, og vil utsetja tingingar om våpenkontroll -
85 til USA er blitt så sterkt at dei åleine kan diktera vilkåra. Da skal det bli fred *

Denne groteske naivitet er altså ein berande tanke hjå den mektige leiar for verdens mektigaste supermakt, vår allierte *

90 Men liksom presidentvalet i USA var ein katastrofe, var det ingen isolert hending. Valet av Reagan var den såra kjempes desperate val - men ein del av bakgrunnen var ein annan katastrofe: Sovjets innmarsj i Afghanistan. Det såret er like ope idag. Og Sovjets dårleg skjulte trugsmål mot Polen gjer oss utrygge på dei gamle menn i Kreml. Ja, langt frå berre utrygge. Kynismen - og sjansespelet
95 med menneskeslakta som innsats - blir spela der og. Afghanistan er eksemplet. Den som ikkje er redd i dag, er enten totalt uvitande eller mentalt sjuk.

Somme åtvarar mot redselen. Men når det er grunn til å vera redd, er det farlegaste å sjå bort frå faren.

100 Redsel kan lamma - når der ikkje lenger er rom for von og utveg. Men når der er von, kan frykta driva til handling - for å overleva. Og det heldt på å skje rundt oss.

105 Vi har fått ei ny fredsrørsle - i vårt land og andre land. Menneska vaknar i

millionar til kamp for å overleva, styra utanom undergangen. Det byrja med Kvinner for fred: Midt i den iskalde blåst frå Afghanistan reiste 100 tusenvis av kvinner frå dei nordiske landa seg og byrja snakka om fred - i ei atmosfære av ny
110 kald krig. Dei ville ikkje akseptera det nederlag kampen mot dei nye atomvåpna i Europa vart. Så kom den breie folkereisning mot amerikanske våpenlager i Noreg. Og no bryt aksjonen Nei til atomvåpen fram som ei brei tverrpolitisk folkerørsle.

115 Dette er lyspunkta vi knyter våre voner til: At vanlege menneske til slutt seier nei til vanvetet, til undergangen, slik at dei som har makt til slutt må gje seg.

Vi er med rette oppskaka over at vald og drap har trengt inn i vårt land i politikkens bizarre utkantar, og terrorismen bankar også på vår dør. Men kan vi
120 i grunnen venta anna når den vald som kan utsletta oss alle er den kvardag politkarane lever med - og når utsletting av livet på jorda er ein av politikkens "opsjonar"?

Det er Sosialistisk Venstrepartis djupaste ovettyding og forpliktande haldning at
125 atomvåpen er ikkje forsvar. Atomvåpna er eit brotsverk mot menneskeslekta, eit trugsmål mot alt som er verd å forsvare. Difor skal dette landet aldri forsvare seg med atomvåpen. Verken i krig eller fred må det lagrast atomvåpen på norsk område - heller ikkje avleveringsmiddel for slike våpen. Det må bli eit grunnleggjande prinsipp for dette lands politikk at norske styremakter aldri må
130 tillata alliert bruk av atomvåpen på eller frå norsk område. Heller ikkje må førebuing til slik bruk tillast, og det må ikkje finnast installasjonar til støtte for kjernefysisk krigføring i Noreg.

For å nå dette målet vil vi arbeida langs tre liner:

135 1. Den norske "atomvåpenopsjonen" av 1960 må opphevast. Den går ut på at NATO-styrkar i ein krise- eller krigssituasjon vil disponera atomvåpen på norsk område. [I regjeringsfråsegna er det formulert slik: "Innenfor rammen av de allierte forsvarsplaner er det forutsatt at det norske forsvar i tilfelle krig vil kunne
140 understøttes av styrker utenfra. Disse styrker vil også disponere kjernefysiske våpen til bruk for egne avdelinger og eventuelt til bruk for norske oppsetninger *"] Det er bra at forsvarsministeren hevdar at det ikkje er gjort praktiske førebuingar til at norske styrkar skal ta atomvåpen i bruk, men det er ein realitet at norsk forsvarspolitik i dag føreset at Noreg skal "forsvarast" med

atomvåpen.] Vi meiner at dette er ein farleg politikk som aukar risikoen for at Noreg skal bli atomslagmark. Vi vil difor arbeida for at norske styremakter skal slå fast at dette ikkje lenger er norsk tryggingsspolitikk.

150 2. Installasjonar til bruk for andre lands kjernefysiske strategi må bort frå norsk område. [Såvidt vi veit er det sant at det i Noreg i fredstid ikkje finst atomladningar. Det finst heller ikkje permanente framande stridskrefter i Noreg. Men] det finst ei rekke installasjonar og hjelpemiddel for USAs atomstyrkar og atomstrategi på norsk område. Det gjeld installasjonar for
155 navigasjon og kommunikasjon for USAs atomubåtar. Det gjeld utstyr for avlytting av militær aktivitet langt frå norsk område - i lufta, på land og under havflata - avlytting som ikkje har noko med forsvaret av Noreg å gjere, men er ledd i USAs utvikling av fyrsteslagsevne: Gjennom dei prøver USA t.d. å fylgja Sovjets ubåtar kvart minutt i Barentshavet - for å kunne slå dei ut med eit fyrste
160 slag.

Det gjeld flyplassar i Noreg som blir bygde ut for å ta imot amerikanske langtrenkande fly, utstyrte for å føra atomrakettar. Flyplassane blir også forsynt med reserveutstyr for slike fly. Dei mest avanserte flytypene, spesialbygde for å
165 føra atomrakettar, øver i bruk av norske flyplassar.

USAs veg til fyrsteslagsevne går bl.a. over norske flyplassar, norske navigasjons- og kommunikasjonsstasjonar, norsk lytteutstyr.

170 Ingen kan påvisa at dette gjer oss tryggare. Men det gjer at vi byggjer ut det eine mål etter det andre for Sovjets atomrakettar. Vi førebur Noreg som atomslagmark - om ragnarok skulle koma. Vårt forsvar trugar ikkje Sovjet - sjølv sagt. Men hjelpemiddel i USAs militære oppbygging mot Sovjet på norsk grunn må oppfattast av Sovjet som ein fare - fordi USA - ikkje Noreg - er farleg
175 for Sovjet.

Ingen kan hevda at faren for eit åtak på Noreg ville auka om desse installasjonane vart fjerna. Sjansen for at Noreg vert atomslagmark blir mindre - når supermaktane veit at atomvåpen ikkje vil bli brukt frå norsk område. Vi veit
180 at vi ikkje kan fjerna den faren i den verda vi lever i no - men ei konsekvent norsk haldning vil vera eit klårt avspenningstiltak i eit område der spenninga aukar.

3. Vi vil difor også arbeida for at Norden skal bli ei atomfri sone: Denne politikk

185 - eit absolutt nei til atomvåpen i krig som i fred - skal utvidast til å gjelda dei nordiske land. I røynda er det Noreg som sit med nykelen her. Verken for Finland eller Sverige er det aktuelt å ta i bruk atomvåpen i forsvaret. Om Noreg gjorde si haldning klar, ville truleg Danmark følgja etter.

190 Det er viktig at denne tanken har framgang også i andre parti og i tverrpolitiske rørsler. Men når andre talar uklårt, er det ei oppgåve for dette partiet å tala klårt - og seia kva vi meiner med ei atomfri sone i Norden.

Det sjølvsagte utgangspunkt er sluttakta frå FN's nedrustningssesjon i 1977[?] der oppretting av atomfri soner fekk høg prioritet blant nedrustningsoppgåvene. Langt på veg kan vi finna eit mønster i avtala om atomfri soner i Latin-Amerika, den såkalla Tlatelolco-avtala frå 1967.

Eit traktatverk om Norden som atomfri sone må inkludera fire element:

200

Ei avtale mellom dei nordiske land der dei tek på seg ein folkerettsleg bindande skyldnad til ikkje å produsera eller utplassera atomvåpen på sitt område, og heller ikkje tillata andre statar å utplassera eller bruka atomvåpen på nordisk område, eller overfly området med slike våpen. I ei serskild avtale med dei nordiske land gjev atomvåpenstatane rettsleg bindande tilsegn om strengt å respektera den atomfrie sonens stilling, og avstå frå bruk eller trussel om bruk av kjernefysiske våpen mot statane i sonen.

210 Det må byggjast opp eit internasjonalt kontrollapparat - helst i FN-regi - for å sikra at både sonestatane og atommaktene held seg til avtalene.

[Atomenergibyrået i Wien vil få ei naturleg oppgåve her. Vidare bør det koma eit internasjonalt apparat til å overvaka avtala.] Det må inngå i føremålet med avtaleverket at det skal tena internasjonal avspenning i vidare meining. [Med utgangspunkt i ei slik nordisk soneavtale må det arbeidast for å byggja ho ut med vidare våpenkontrolltiltak - i andre deler av Europa, avtaler om uttynning av atomvæpninga i tilstøytande område i aust og vest m.v.]

215 Some vil innvenda: Men kva er avtalar verd? Dei er da berre papir. Det er rett nok at avtaler ofte blir brotne i krig, men i fredstid blir gjerne avtaler etterlevde.

220 Og det er i fredstid krigen blir førebudd. Difor er slike avtaler viktige for å hindra krig.

225 Eg går såpass konkret og detaljert til verks - fordi denne saka no må koma ut av
tåkeheimen. Det er bra at andre parti, som Arbeiderpartiet og Venstre, no har
teke ordet "atomfri sone" i sin munn, men dei må snart forklara kva dei meiner
med det. I Arbeidarpartiet har denne saka no blitt ein kasteball i eit internt
partitaktisk spel - etter at ein sterk opinion pressa tanken inn i
partiprogramutkastet.

230

Programutkastet har denne formuleringa: "Norge vil arbeide for en
atomvåpenfri sone i nordisk område som en del av arbeidet for atomfrie soner i
større europeisk sammenheng." Denne formuleringa er ein gummistrikk - og
som ein dansk filosof har sagt: "Der skal karakter til at selge gummistrikk i
235 meter." Også dei som reelt er imot ei atomfri sone i Norden og som har avvist
Kekkonens plan i alle år kan no seia nei til ein slik sone ved å knyte vilkår til ho
som gjer planen meningslaus - at ho skal omfatta Kolahalvøya, eller at ho skal
omfatta sentral-Europa.

240 Vi ynskjer alle nedrustning på Kola-halvøya, men det føreset ei tilsvarande
nedrustning på amerikansk side. Våpna på Kola-halvøya er ein del av balansen
mellom Sovjet og USA - ikkje mellom Sovjet og Norden. Og vi ynskjer alle eit
atomfritt Europa. Men det er lang veg dit. Ei atomfri sone i Norden er eit steg
på den vegen, eit fyrste steg. Men da må ho ikkje bli avhengig av ei allmenn
245 fredsordning i Europa fyrst: Da er ei slik sone i Norden ikkje lenger eit fyrste
steg - men siste steg. Det er fornuftig at dei nordiske land går i brodden - tek det
fyrste steg - fordi vi ikkje alt har atomvåpen her i fred. Da kostar det ikkje så
mykje å seie nei til dei i krig. Og fordi ei slik ordning her er balansert - ho
omfattar to NATO-land og eitt land med bistandsavtale med Sovjet. Ho endrar
250 ikkje supermaktbalansen, men ho tener freden.

Kampen for Norden som atomfri sone har også eit vidare perspektiv. Etter kvart
som supermaktene aukar presset på sine kliantar, på dei små statane, blir det
meir og meir vanskeleg for små land å verja suverenitet. Ei sterkare politisk og
255 økonomisk orientering mot Norden kan skapa grunnlag for større sjølstende -
ein suverenitet i solidaritet med dei andre nordiske land som saman utgjer ein
økonomisk og politisk styrke vi treng for å verja og utvida det vi har av
handlefridom nasjonalt og mellom statane. Difor er det viktig at SV er
konstruktive når det gjeld å utvikla økonomiske og kulturelle samarbeidsband
260 mellom dei nordiske land, og at dei nordiske venstrepartia utviklar eit samarbeid
i dette perspektiv. Og difor skal dette landsmøtet avsluttast av ein finsk kamerat

med eit foredrag om Sosialisme på nordisk.

265 Ein kan fyllast med vonløyse når ein ser kven som er sett til å leia supermaktene. Men dei er den røyndom freden skal bergast i. Difor må vi gripa kvart eit halmstrå med største alvor. Bresjnevs tale på SUKPs siste partikongress må takast alvorleg. På fleire område går han der tilbake på standpunkt Sovjet har hevda med styrke dei siste åra, og kjem imøte krav frå vest. Viktigast er at han på
270 ny føreslår ei fastfrysing av atomopprustninga i Europa - eit dårlegare framlegg enn det NATO avviste i 1979. Men likevel. Eg vil oppmoda vår statsminister til å ta Sovjetunionens president på ordet - og gjera det Noreg kan for at våre mektige allierte skal møta framlegget med alvor og granska kva som ligg i det. Vona er lita, men eg vonar likevel at dette framlegget ikkje skal bli møtt som sist
275 - med vedtak om utplassering av fleire raketter. Schmidts ord om at det framleis er mogleg å unngå utplassering av 572 nye atomraketter i vest er verd å merka seg, særleg når folk i Reagans administrasjon antyder at talet bør bli tolv hundre, og at 150 B52-fly skal byggjast om til å føra 3000 kryssarraketter. Truleg vil ein del av dei operera nær den skandinaviske halvøya.

280

Vi skal ikkje venta at norsk tryggingsspolitikk let seg endra i ei handvending. Men med eit sterkare SV kan vi tru på ei utvikling steg for steg mot større nasjonal handlefridom og gradvis avvikling av dei farlegaste banda til atomstrategien.

285 Tilhøva ligg serleg til rette for å avvikla Frydenlunds tese om at Noregs nei til EF gjer oss meir avhengige av USA - og driv oss inn i eit nærare forhold til USA enn andre europeiske land. Ei nærare tilnærming til dei små NATO-land på kontinentet er ei markering av ein annan tendens. Vest-Tyskland er i klemme - tettpakka av amerikanske atomrakettar, og med Thatcher og Giscard som
290 kappast om å vinna Reagans gunst. Derfor ser vi ikkje Vest-Tysklands uavhengige kurs så klårt som i fjor, men grunnlaget er der: Tyskland ynskjer ikkje å bli slagmark for USAs og USSRs avgrensa atomkrig. Og der har vi same interesse: Poenget i marineminister Lehmans tale er nettopp at ein konflikt i Sentral-Europa der kreftene er så fastlåst, kan bli overflytta til våre strender i
295 nord - mot Kola-halvøya. Vi sa nei til EF fordi vi var imot EFs storkapitalistiske strukturar, men ikkje fordi vi fornektar vårt interessefellesskap med Europas folk framfor katastrofen.

Vi skal helsa einkvar fordomsfri tanke om tryggingsspolitikk velkomen - særleg
300 debatten i Arbeidarpartiet. Høgres mistenkeleggjering av DNA fordi der er

debatt må ikkje få dekkja over det uhyggelege faktum at i Høgre, vårt nest største parti, er det ingen debatt om tryggingspolitikk, berre ei tom stille, avbroten av rituell repetisjon av teser frå femtiåra. Der endrar ingen ting seg - i ei verd der alt
305 anna er i forandring.

Kampen mot atomstrategien må førast på tvers av partigrensene. Vi skal ikkje ta monopol på den kampen. Vi skal vera fullt lojale mot dei vi samarbeider med t.d. i Nei til atomvåpen, og vi skal ikkje blanda det saman med vårt partis arbeid.
310 Vi skal heller ikkje krevja den same klårleik av slike rørsler som av vårt parti. Men vi skal vita kva for ein fordel det er for denne kampen at SV kan ta krystallklåre standpunkt i slike saker og at vårt parti etter kvart er skolert og budd til full innsats i den kampen.

315 Mange vil sjå valet av politikarar som Reagan og Thatcher som resultat av den økonomiske krise i den kapitalistiske verda. Også i mellomkrigstida førte krise til val av ekstremt høgreorienterte leiarar for somme stormakter - utan at vi skal dra jamføringa usømeleg langt. Ein annan parallell ser ut til å vera at kapitalismen svarar på krise med militarisering. Den gigantiske oppvæpningsbylgja vi ser
320 starta har med dette å gjera. [Men medan oppvæpninga i trettiåra på kort sikt løyste ein del økonomiske problem, ser det ut til at ho idag ikkje maktar hindra verken inflasjon eller arbeidsløyse, samtidig som fattigdomen i den tredje verda berre må auka når våpna tek plassen til u-hjelpe på budsjetta.]

325 Militariseringa er kanskje den farlegaste sida ved krise. Og ho forplantar seg over alle grenser - til Sovjet som vil måtta svara med meir undertrykking for å skaffa pengar til enda meir våpen, til Kina - og til vårt land.

Nedskjering og innstramingspolitikk i Noreg er ikkje berre nedskjering og
330 innstramingspolitikk, men frigjering av midlar til militær bruk: Dei andre budsjetta må haldast nede for at forsvarsbudsjettet skal kunna auka med nye milliardar. Det betyr kanoner i staden for barnehager. Og signala frå Reagan er klare nok: Tre prosent årleg auke er ikkje nok. Presset på Noreg vil bli enormt for å auka med enda fleire milliardar.

335 Er den norske politiske leiing klar til å stå imot? Høgre er det iallfall ikkje. Det er tvilsamt om Arbeidarpartiet er det - sjølv om nei til nøytronvåpen, til ein NATO-marine i Gulfen og til amerikanske inngrep i El Salvador kan gje visse voner.

Men problemet er at den økonomiske krisa har svekka sosialdemokratiet alvorleg. Kapitalismens krise har blitt sosialdemokratiets krise. Det ser vi klårt over heile Europa - og i vårt land.

345

Kva er så kjernen i Sosialdemokratiets krise - den krise vi ser i land etter land i Europa? Eg trur det er at veksten tok slutt - kapitalismen kom i krise. Dei hadde vendt seg til ein veksande produksjon i kapitalistisk regi som ga overskot så store at staten kunne dra inn ein del - og dela ut til sosiale reformar og
350 utjamningstiltak. Så tok veksten slutt. Dermed var det ikkje grunnlag for slike reformar lenger. Sosialdemokratiet hadde ikkje anna att enn å stimulera det kapitalistiske næringsliv til å greia seg. Innstraming og delvis tilbakevending til liberalismen - meir marknadsøkonomi - vart svaret. Dermed vart skiljet mellom sosialdemokratisk og borgarleg politikk enda meir utvaska. Sosialdemokratiet
355 stod utan reformar. Tilbake var tiltrua til statsbyråkratiet, ein stat som kunne gjera mindre og mindre for å møta vanlege folks behov. Dermed tok veljargrunnlaget til å svikta.

Langt på veg slo det norske Arbeidarparti inn på den same kurs: Omskiftet kom midt på syttitalet. Støttepolitikken til næringslivet kom i vanry og vart langsamt
360 lagt om. Det skjer ei tilbakevending til trua på marknadsøkonomi og privatisering. Liedutvalet - med masseflytting og storstrukturbrigdet var katekisma. Dei sosiale utgiftene må bremsast. Det offentlege forbruket må ned - unnteke militære. Kommunar og fylkeskommunar må strama inn. Stengte
365 sjukehus, barnehagar osv. *

Arbeidarpartiet har gått frå skanse til skanse dei siste åra, gjeve slepp på hevdvunne tradisjonelle sosialdemokratiske prinsipp, lagt seg så nær Høgre at endatil AUFs formann seier at problemet er at DNA er for nær Høgre. Det
370 merkast i bustadpolitikken, i skattepolitikken, i sosialpolitikken, i rentepolitikken, i industripolitikken, i tryggingspolitikken.

Var så denne retretten til meir marknadsøkonomi naudsynt? På eine sida var krisa internasjonal. Ho råka oss og, og det var forståeleg at ein greip etter
375 framande mønster. Men vår situasjon var likevel annleis: Oljeinntektene gjorde han annleis. Dermed kom innstramingspolitikken her til å få underlege verknader - ein veldig auke i eigarinntektene - medan innstraminga råkar vanlege folks inntekter - når marknadskreftene fekk friare slag.

380

Frå 1979 til åtti auka eigarinntektene med om lag 55 %. Held vi oljeverksemda utanfor var auken 25 %. Oljeselskapa kunne håva inn ei fortjeneste etter skatt på nærare ti milliardar kroner - tre gonger det ei normal kapitalavkastning skulle tilseia.

385

Med lønningane skjedde noko heilt anna. Lønskostnadene i prosent av faktorinntekt i bedriftene fall frå 74 % til vel seksti prosent i 1980 - etter at dette talar har auka år for år. På eitt år fall den del av bedriftens inntekter som går til løner heilt ned på nivået frå 1950-åra.

390

Men for det offentlege auka inntektene enormt.

Ein svarar ikkje på den krisa kapitalismen skaper med meir kapitalisme. Ein svarar ikkje på problema oljeverksemda og oljepengane skaper med å gje friare spelerom for marknadskreftene.

395

Tvert imot - står vi overfor ein situasjon der sosialistiske løysingar er dei einaste logiske og naturlege.

400

Oljeverksemda må haldast på eit nivå som det norske samfunnet kan meistra. Så må oljepengane brukast planfast til å møta fellesskapets behov - til utjamning, til dei som har lite, til å byggja ut sosialektoren og til arbeidsplassar. Og dei må brukast til å tryggja industri som er truga i lokalsamfunn der det er heilt naudsynte arbeidsplassar.

405

Dette er også økopolitikk. Vi må ikkje tru at innstraming og marknadsøkonomi lettast presset på ressursane og miljøet - tvert imot. Det einaste som kan kallast økopolitikk er planmessig styring av ressursar og kanalisering av forbruk i leier som lettast ressurspresset. Perspektivet må vera sosialistisk planøkonomi - det er det som er grøn politikk.

410

I morgon kjem vil tilbake til eit punktprogram som er SVs framlegg til utgangspunkt for ei fornying av arbeidarrørsla. Det inneheld ikkje heile vårt program, men saker som bør kunna samla ut over våre rekke. Ein stor del av dette burde kunna gjennomførast om vi slepp ei høgreregjering i haust, og om SV blir styrkt - med fleire stortingsmandat, og med større styrke utanfor Stortinget, og om voksteren i politisk verksemd og aktivitet blant folk på tvers

415

av partigrensene held fram.

420

Det trengst ein motoffensiv. Sterke krefter ynskjer det i heile arbeidarrørsla. Vi er budd til å gjera jobben, og eit sterkare SV er ein del av jobben.

Eg tenkjer på område som

425

tryggingsspolitikk - ut av atomstrategien og oppvæpningsspiralen styring av teknologien ved fagrørsla arbeid for alle bustadpolitikk - gjenreising av den sosiale bustadpolitikk ein skattepolitikk med brodd mot høge inntekter og formuer, bl.a. rentetak seks timars arbeidsdag - ei sak der kvinnerørsla og fagrørsla må løfta i lag vern om velferdsstaten mot innstraming statleg styring av oljeverksemda oljepengane til fellesforbruk.

430

Vi trur at ein slik politikk kan vinna fram fordi han er i samsvar med sterke straumdrag på grunnplanet i fagrørsla. Der er ein fornyingsprosess igang - med å reisa ein klår front mot borgarleg politikk, med å reisa dei sakene som kan gje grunnlag for ei ny offensiv haldning: Eit konkret reformprogram som kan gjenskapa ein klår profil for arbeidarrørsla på område der vegen til Høgre har blitt for kort.

435

Men ei slik fornying må nå langt vidare enn SV - inn i fagrørsla, inn i Arbeidarpartiet. Det burde vera mogleg - med utgangspunkt i fagrørsla - å reise ein del saker, sentrale reformkrav, som kunne snu vinden og føra heile arbeidarrørsla på offensiven. SV ynskjer å gjera ein innsats for det, og det er dette som pregar opplegget til landsmøtet. Vår haldning er usekterisk - vi ynskjer å gå saman på tvers av partigrenser om saker som kan femna vidt i arbeidarrørsla.

440

445

Statsministerskiftet i DNA har kanskje løyst den personkrisa som omlegginga av politikken skapte - og det er viktig for eit parti herja av mistillit og indre forgiftning. Det er ei vinning også for oss at spenninga har kome tilbake i norsk politikk - at det ikkje lenger er sikkert at Willoch blir statsminister. Men den politiske krisa er ikkje dermed løyst.

450

Eg har nemnt hovudproblemet: Behovet for ein klår reformpolitikk for å endra maktforhold og endra fordelinga av gode i samfunnet - ein reformpolitikk som kan gje arbeidarrørsla eit samfunnsomskipande innhald. Men ho må orientera

455

seg i ein ny røyndom. Alta står som stikkord til ein ny røyndom - der andre krav og verdier står på saklista enn dei som kan målast i pengar. DNA har skaffa seg
460 ein tenkepause. Vår von er at dei vil bruka han vel. Vi lova på førehand å ikkje utnytta situasjonen dersom dei hadde mot til ein retrett. De hadde mot, og eg skal stå ved lovnaden.

Vår von er no at motet skal veksa i tenkepausen - til å sjå at vi har eit samisk folk
465 innanfor våre grenser, at vi lever i ei tid da slike minoritetsfolk har krav å stilla og har rettar som etter kvart får grunnlag i folkeretten. Difor må inngrep i samefolkets område venta til desse rettane er avklara og fastlagde, og det samiske folket kan tala med si eiga røyst i eit sameparlament.

470 Dei borgarlege partia gjev oss eit underleg syn å sjå. Regjeringskrangelen - om den regjering dei kanskje får høve til å danna - har ført dei ut av den politiske debatten om framtids-Noreg. Kva kjem derifrå om Olje-Noreg i framtida, om den teknologiske revolusjonen, om atomtrugsmålet, om krisa i det økonomiske systemet? Ingen ting, bortsett frå halsbrekkande C-moment i abortspørsmålet.
475 Her skal det bergast både andlet og regjeringsalternativ, og det er ikkje enkelt å sameina. Det kunne vera freistande å smila av dei travle menn med statsrådar i magen. Men dette er alvor. Senterpartiet sitt framlegg om ei nemnd der kvinna sjølv oppnemner fleirtalet inneber sjølvbestemt abort - for ressurssterke kvinner som er van med å greia reglar, autoritetar og kompliserte institusjonar. For den
480 ressursvake kvinne vil dette systemet fortone seg vanskeleg å meistra, og fjernt. Systemet vil gjera det lett for dei sterke og vanskeleg for dei svake. Og innebygd ligg framleis den kvinneforakt som nemndsystem er eit uttrykk for - at ho ikkje skulle vita kva som er den rette etiske utveg.

485 Det føregår noko på borgarleg side som kan truga dagens abortlov. Det er ein dyrekjøpt reform - som har blitt kasteball i eit borgarleg spel om regjeringsmakt. Kva dei kan finna på er ikkje godt å seia - det skifter litt frå dag til dag. Det tryggaste er å sjå til at vi aldri får svaret - ved at dei ikkje får regjeringsmakt.

490 Korleis blir det Noreg våre barn skal overta?

Vi veit at det blir bruken av oljen i Nordsjøen som i høg grad vil avgjera det. Vi veit at forandringane stormar inn over oss. Det er forstemmande kor lita rolle dette spelar i politisk debatt: Kor nærsynt debatten - det politiske livet - er. Det
495 ser ut til at det einaste problem som vekker den breie interesse blant dei andre

partia er konkurranseevna i framtida: Som om ein rimeleg fortanestemargin for eigarinteressene er det som avgjer om landet skal vera til å leva i om nokre år.

500 Den einaste debatt ut over kjøpmannsperspektivet på framtidsNoreg har vore debatten om Sosialisme på norsk.

505 Rune Slagstad opna den store konferansen om dette i fjor med å hevda et vi har valet mellom Sosialisme på norsk eller kapitalisme på tysk. Eg undrast om ikkje den kapitalisme på norsk som vi kan få - vil bli eit hakk verre enn kapitalisme på tysk.

510 Den politiske debatten er hardna. Dei varmande slagord i eit kvart partiprogram for nokre år sidan - er borte, politisk døde ser det ut til: Dei mjuke verdiar, eit kvalitativt betre samfunn, eit meir menneskeleg samfunn, distriktpolitikk, den grønne bylgja, ressursvern, jordvern - det er ikkje det politikken dreier seg om.

515 Prognosane i departementskontor og statistiske tenkargrupper er så skremmande at dei ikkje eignar seg til å bli offentlege: dei peikar mot eit langt hardara samfunn -

med halvering av industriarbeidsplassane, svære flytteprosessar, ny
520 nedleggingsbylgje i jordbruket, nedskjering på sosial- og helsesektor, arbeidsløyse, ei stigande kløft i arbeidslivet mellom dei unge og sterke menn i dei gode oljestillingar - og dei andre.

Ord som styring og demokratisering blir forsøkt sette i vanry. Privatisering og
525 marknadsøkonomi er på moten - dei utrulegaste ber ei reim av Milton Friedman i si hud.

Likevel er det i dei landa der marknaden er friast at det går verst - med
sysselsetting, med inflasjon, med handelsbalanse, med den menneskelege
530 trivnad. Fordi Friedmans marknad er ein abstraksjon som eksisterer i Friedmans hjerne - og kanskje i enkelte lands fortid. Marknadsøkonomi idag er ein ideologi for den sterkes rett til å slå den veike ned - og ta frå han det velferdsstaten har gjeve.

[Vi er eit av dei rikaste land i verda. Den nye frykt for styring og planlegging og den nye tru på marknaden held på å gjera oss til fattig-Noreg. Det er ingen grunn til at Noreg med store oljeinntekter skal skjera ned forbruket til nødvendige offentlege formål som sjukehus, eldreomsorg, barnehagar osv.

540

Det er manglande vilje til planhushald som tvingar til slikt.]

Debatten om vi skal bruka oljeinntekter er langt på veg meiningslaus. Ei sak er at oljeinntektene i alle høve blir brukte. Heller ikkje Venstre tek konsekvensen av sitt måtehaldsprogram når dei skal skriva partiprogram. Dessutan er omfanget av oljeverksemda like viktig som sjølve spørsmålet om bruken av pengane. Dei viktige problem er kor stort omfanget av verksemda skal vera, kven som skal styra ho, og kven som skal bruka oljepengane og til kva. Der er måtar å bruka oljepengar på som raserer arbeidsplassar og bygdesamfunn - men dei kan også brukast til å verja arbeidsplassar og lokalsamfunn.

550

SV legg på dette landsmøtet fram til debatt eit samanhengande oljeprogram - som det fyrste parti i landet, trur eg. Grunntankane der er

låg utvinningstempo, nitti mill. tonn er uforsvarleg høgt både av ressursgrunnar og av økonomiske grunnar, full offentleg styring: Oljen skal ikkje vera eit emne for å auka privatkapital og gigantselskaps profitt og så skal pengane kanalisert planfast - ikkje til større privat forbruk for folk som har rimeleg forbruk frå før, men til fellesgode til dei svakaste i samfunnet, til sosialsektoren, til utjamning.

560

Kvar står vi så - som parti?

Vi har vore gjennom ein lang og vanskeleg periode med konsolidering og oppbygging sidan samanbrotet i 1975. Vi vart til på dei jublende triumfar i 1972 og 1973. No kan vi slå fast at vi har greidd å byggja partiet også i motgang. No går det framover. Jamvel våre motstandarar sannar at vi har fått vinden i ryggen.

565

Eg trur omslaget kom i fjor vår. Vi greidde å bryta ut av vår trange krins - dels fordi våre faglege folk var med og skapte ein brei allianse mot lønspolitikken under inntektsoppgjerda, dels fordi vi makta reisa ein debatt om Noregs framtid som nådde ut over våre rekker. Etter kvart kom fylgjene av innstramingspolitikken til syne - og viste at svaret på kapitalismens krise ikkje

570

575 var meir kapitalisme. Breie folkelege rørsler mot supermaktenes atomstrategi
braut apatien hjå mange. Vi fekk etter kvart eit nytt klima - der SV kunne pusta
lettare.

Vi merker at kontaktflata er breiare, medlemene kjem og seier at no er det lett å
580 arbeida, fleire og fleire lag blir meir aktive, medlemstalet aukar. Ja, endatil
meningsmålingane krabbar oppover. Dei kjem nok til å oppføra seg som
gradestokken i april utover no. Men vi har forlengst blitt samde om å varma oss
på dei gode gallupar, og gløyme dei dårlege.

585 Vi har ein god politikk. Vi ynskjer innverknad og makt for å fremja den. Difor
vil vi gjerne ha ei større gruppe på Stortinget, og vi har god tru på at vi skal få
det. Men noko fleirtalsparti blir vi knapt - heller ikkje regjeringsparti.

Difor må vi søkja innverknad også utanfor Stortinget - ved å vera med og byggja
590 opp folkerørsler kring viktige spørsmål som fred, sosial tryggleik og
arbeidarmakt. Gjennom den innverknad slike rørsler har på Stortinget og andre
maktorgan kan vi fremja viktige saker - med stortingsgruppa som ei av fleire
reiskapar.

595 Takk vere eit godt og tillitvekkande arbeid frå våre stortingsrepresentantar i
denne perioden er ikkje regjeringsspørsmålet noko vanskeleg problem for dette
partiet lenger. Talen om SV som "halehengparti" eller "demonstrasjonsparti" har
stort sett tagna. Dei to på tinget har visst å stå fram med styrke, autoritet og
konsekvens, også når vi var på kollisjonskurs med regjeringa. Tida for dei utidige
600 demonstrative kabinettspørsmål overfor SV er såleis omme. Når regjeringa har
innsett at ho måtte ha SVs støtte, har ho denne tida stort sett vore budd til å
snakka med oss om ei rimeleg ordning for begge partar. Slik var det ikkje for
nokre år sidan. Men baksida er at ho langt oftare ordnar seg med eit av de
borgarlege partia - og ein høgreorientert politikk.

605 Det er likevel ikkje noko problem for oss å seia at vi føretrekk ei regjering av
Arbeidarpartiet framfor ei høgredominert regjering - fyrst og fremst fordi ei slik
regjering vil i viktige spørsmål måtta høyra på det som kjem frå fagrørsla, frå
arbeidsplassane, frå folkerørsler. For oss som parti er det ein fordel med den
610 noverande parlamentariske situasjon. Men avstanden mellom oss og DNA er så
stor at vi må stå fritt til å stemma i samsvar med vårt program - utan noko avtale
eller regjeringsdeltaking.

615 Når det er sagt, vil eg leggja til at eg ikkje trur ei borgarleg regjering vil vera ein katastrofe for SV som parti. Det vil vera ei ulykke for norsk oljepolitikk - fordi private profittinteresser vil sleppa sterkare til, og det er alvorleg. Men dei som trur det vil vera ein katastrofe for oss som parti trur eg tek feil. Posisjonen som det mest radikale av to opposisjonsparti - med ein konsekvent antiborgarleg
620 politikk - gjev fordeler. Trua på at DNA vil syna eit radikalt andlet i opposisjon er ei vakker tru, som eg gjerne skulle dela, men eg ottast at resultatet blir ein serie av manøvrer for å skaffa seg ein borgarleg alliert - og dermed ny adgang til taburettane på vilkåra til eit mellomparti.

625 Same korleis stortingsfleirtalet blir til hausten, vil vår line måtta bli ein brei alliansepolitikk på sak - både i Stortinget og serleg i arbeidet utanfor Stortinget - i folkerørslene. Framfor alt har vi festa tanke og handling til fagrørdsla. [I solidaritet skal vi byggja fagrørsla sterkare. I solidaritet skal våre faglege folk på tvers av partigrenser kjempa fram saker som den politiske arbeidarrørsla skal
630 gjennomføra. Fornyinga i arbeidarrørsla har byrja - ho har byrja der.]

Vi ser og andre viktige teikn til eit politisk straumvende: Dei store demonstrasjonane åttande mars - med eit samla tog i Oslo - fortel om ei kvinnerørslé i fornying kring konkrete radikale politiske krav som seks timars
635 dagen.

Apatien blant ungdom slår sprekker. Bakgrunns materialet for meiningsmålingar tyder på at SVs oppslutning blant ungdom, som minka i fleire år, no er på veg tilbake til dei høgder som var vår styrke.

640

Vilkåra er der for eit straumvende etter ei tid med alle slag høgrekrefter på frammarsj. Vi kan løysa ut og driva stra

umvendt vidare om vi maktar det som er vår oppgåve: Å ta plass på rett side av fronten i den daglege klassekamp - og reisa perspektivet ut over dette samfunn
645 mot sosialismen. Vi skal vera jordnære, men det er lett å bli berre jordnær i ei krisetid. Maktar vi ikkje å reisa perspektivet, løfta visjonen, er vi ikkje lenger eit sosialistisk parti. Difor bør vi føra den ideologiske debatten vidare og få han til å fengja også ut over våre rekke - som debatten om Sosialisme på norsk gjer.

650

Eg har masa om "høgrebylgja" så mange gonger dei siste åra, at jamvel svorne

655 bokmålsfolk uttalar det på nynorsk - med ei litt trøytt mine. Men under den
kalde vintersnø har det spirt. Eg skal ikkje bli så banal at eg byrjar snakka om
våren. Men jordsmonnet er pløgd og harva for ein annan vokster - for ei gryande
tid for SOSIALISME PÅ NORSK.

Kilde

Upublisert manuskript ("med atterhald om endringar"), Arbeiderbevegelsens arkiv

660

URI

<https://www.virksommeord.no/tale/sosialdemokratiets-krise>

665

670

675

680

685

690